

Landet rundt
TIPS TIL LANDET RUNDT-REPORTASJE:
SEND EN KORT TEKST OG BILDE TIL HAKON@MUSIKKORPS.NO

Frank Brødahl i Kvinnherad
SAMARBEIDSKONSERTEN TIL RØSENDAL SKULEKORPS OG USKEDAL SKULEMUSIKK. SAMAN MED SØLIST FRANK BRØDAHL. VART EIN STØR SUKSESS. DEI UNGE MUSIKARANE IMPONERTE EIT FULLTALIG PUBLIKUM.

Ait frå fyrste takt var det klart at det 40-personar sterke orkesteret hadde lagt alle nervar igjen i garderoben, og kledde i av melodiane på programmet hadde høg vanskegrad.
- Då korpsa fekk notane vart dei blå.

En ny trommebølge
MED UTGANGSPUNKT I EN AMERIKANSK TRØMME- OG MARSJTRADISJØN HAR EN GRUPPE TRØMMESLAGERE STARTET NØE SØM I NØRSK SAMMENHENG ER HELT UNN...

Gruppen kaller seg Complete og fikk vist seg fram under Gardens dag tidligere i år. Kledd i svart og hult entret de sju trommeslagerne den store plassen. Lyden av trommene var som skarpe pistolskudd, og trommeslagerne ga publikum en oppvisning med presisjon i spilling og marsjering. I løpet av seks minutter presenterte Complete en rytmepakke fylt med kompliserte og fengende rytmer.

Brodahl-prosjektet vart ein suksess. Blir Austnes-prosjektet det same?

Rosendal skulekorps og Uskedal skulemusikk skal i denne og neste månad gjennomføre sitt store samarbeidsprosjekt med engasjement av den kjende tubaisten, arrangøren og dirigenten Pål Magne Austnes.

I samband med det har korpsa søkt kommunen om underskotsgaranti.

I prosjektet vert hovudvekta lagt på musikk frå amerikanske 'The Youngblood Brassband' og musikk av dei vil utgjera omlag halve repertoaret under konserten som avsluttar prosjektet.

- Dette er rytmisk musikk som ungdommane likar å spela og dessutan er den svært publikumsvennleg, held Thor Inge Døssland fram i søknaden.

Austnes er den fremste i landet når det gjeld å arrangera denne musikkforma for brassband og han vil tilpassa arrangementa til dei to korpsa.

- Vi kan trygt seia at dette er nyskapande arbeid, skriv Døssland.

Det er 52 aktive medlemmer frå ni til 18 år i dei to korpsa. Prosjektet er også ein del av 40-årsmarkeringa til Uskedal skulemusikk i år.

Døssland minner også om det svært vellukka og tilsvarande Brodahl-prosjektet sist vår.

Slike posjekt verkar som ein sterk stimulans for dei unge. Etter sist sesong var det berre to som slutta i dei to korpsa og fleire som tidlegare slutta har byrja å spela att. Dessutan melder svært mange seg som aspirantar i dei to korpsa.

- Dette er er godt førebyggjande arbeid, det gjev ungdommen flott utvikling og gode opplevingar. Det gjer dei betre rusta til møtet med nye miljø når dei flyttar frå heimkommunen og det gjer bygdene våre klart meir attraktive å bu i. Dessutan lærer det dei unge samarbeid på tvers av bygdegrensene, held Døssland fram.

Startseminaret skal haldast neste helg på Rosendal Samfunnshus med Austnes, Anders Christensen og seks tilreisande instruktørar. Den avsluttande konserten skal haldast same stad 22. februar.

Budsjettet er på 77.900 kroner og rundt rekna 50.000 utgjer instruktørhonorar.

Det blir rekna med billettinntekt på 30.000 og inntekt frå sponsorar/annonser i program på 20.000. I tillegg vert det søkt om stønad frå fleire.

Av Ola Matti Mathisen